

- Næringsutvikling - auka bruk av naturgass
- Kompetanse - Bergen som kunnskaps- og utdanningsby
- Kultur - kulturbasert næring
- Transport, areal og miljø - betre kommuniksasjoner

## 3 Fanesaker

### Næringsutvikling - auka bruk av naturgass i Hordaland

Noreg er den fjerde største gasseksportøren i verda. Mykje av produksjonen skjer i havet utanfor Hordaland. Naturgassen er enno ei råvare som i svært stor grad vert eksportert til andre land i rein form. Arbeidet med vidareforedling av råvara gass er i startfasen. Gass har eit stort potensial for bruk innanlands, som råvare for industri, og som energiforsyning til eksisterande og ny næringsverksemd og utbyggingsområde. Bruk av naturgass må skje ved bruk av miljøvenleg teknologi, og klimagassen CO<sub>2</sub> må handterast på ein miljømessig god måte.

På Mongstad er det planar om om eit energiverk der den elektriske krafta skal nyttast til drift av kompressorar på Kollsnes og på Troll A-plattformar. Varmen frå energiverket skal nyttast i raffineriet. Drifta av energiverket baserer seg dels på naturgass og dels på lette fraksjonar frå raffineriet. Moderniseringa av energiforsyninga på Mongstad kan føra med seg ny næringsaktivitet og sysselsetting og gi auka verdiskaping som resultat.

*Mål:* Auka bruk av naturgass innanlands

*Satsing:* Energiverket på Mongstad skal realiserast i løpet av planperioden.

### Kompetanse - Bergen som kunnskaps- og utdanningsby


Hordaland har meir enn 30.000 studentar innanfor høgare utdanning, delt på universitet og ei rekkje høgskular. Bergen er attraktiv både for norske og utanlandske studentar. Svært mange av dei som er ferdig utdanna flyttar til osloregionen, der arbeidsmarknaden er større.

Utdanningsinstitusjonane samarbeider gjennom Utdanning i Bergen for å byggja opp om Bergen som eit regionalt utdanningscenter med ein klar nasjonal og internasjonal profil.

Eit tilbod om utdanning i entreprenørskap og støtte til nyetablering for akademikarar kan medverka til at fleire nyutdanna blir på Vestlandet og medverkar til nyskaping og innovasjon i næringslivet og det offentlege. Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole og Høgskolen i Bergen jobber med eit slikt opplegg. Politisk støtte og samarbeid med næringsliv og offentlege styresmakter er viktig for å få dette til.

*Mål:* Bergen skal utviklast vidare som kunnskaps- og utdanningsby, som grunnlag for innovasjon og verdiskaping.

*Satsing:* Stø oppretting av eit senter for entreprenørskap der studentar kan utvikla etablerarkompetanse i samspel med næringslivet på Vestlandet.



Fra forestillingen  
"Singel og Sand"  
på Hordaland teater.  
Foto: Tor Erik H. Mathiesen



### Kultur – kulturbasert næring

Kulturbasert næring er ein av dei sektorane som er i sterkast vekst globalt. 2004 var første år det blei brukt meir pengar på kjøp av kulturbaserte produkt og tenester i Noreg enn på mat. Det er viktig å utnytte dei regionale føremonene vi har for å utvikle vidare potensialet for kulturbasert næring, m.a. gjennom å vidareutvikle festivalane til heilskaplege kulturprodukt og å etablere ei fullstendig verdikjede innan musikkbransjen i regionen.

*Mål:* Hordaland skal bli Noregs festivalfylke og eit senter for musikkindustri.

*Satsing:* Vidareutvikle eksisterande festivalar og miljøa rundt desse, og utvikle ei komplett verdikjede innan musikk.

### Transport, areal og miljø - betre kommunikasjonar

Hordaland er ein av Noregs sterkaste verdiskapingsregionar, trass i transportmessige utfordringar. Vi må løysa desse transportutfordringane for å handtera veksten og fjerne flaskehalsar i dei ytre delane av fylket, og skapa ny vekst i dei indre delane.

*Mål:* Infrastrukturen skal utviklast for å redusera transportkostnader og fremja velferd.

*Satsing:* Det skal satsast særskilt på Kyststamvegen E39, Hardangerbrua og Bergensprogrammet.